



Institutt for fysikk og teknologi
Geofysisk institutt
Kjemisk institutt
Institutt for informatikk
Matematisk institutt
Institutt for biovitenskap
Institutt for geovitenskap

Referanse

2019/8064-STB

Dato

01.07.2019

Studieplanendringar 2020/2021 ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet

Den faste fristen for å melde inn store studieplanendringar som skal tre i kraft komande studieår 2020/21 er 1. oktober. I tillegg kan institutta melde inn små studieplanendringar for emne som skal undervisast i neste semester (våren 2020). Studieplanendringar vert handsama i Studiestyret. Det er ei føresetnad at studieplanendringane skjer innanfor instituttet sine budsjettammer.

Viktige punkt!

I årets studieplanarbeid ber fakulteta institutta om å sjå spesielt på følgjande punkt:

1. Generiske ferdigheiter

Det pågåande arbeidet med [generiske ferdigheiter](#) er eit viktig bakgrunnsteppe til institutta sine studieplanendringar (ref. sak 2018/1653). Alle endringar i studieprogram skal meldast inn til oktoberfristen, og fakultetet ynskjer difor å utheve enkelte moment som vert viktig i dette høve:

- ❖ Studieplanar: Alle bachelorprogram og integrerte masterprogram, må sende inn ny studieplan med emnesamansetjing i studieprogrammet si spesialisering (studieløp). Studieplanane må får følgjande krav:
 - Examen Philosophicum er flytta til siste halvparten av bachelorprogrammet (5. eller 6. semester, alternativt 4. semester).
 - INF100 er plassert i første studieår, hauste eller vår
 - Plassere utviklingssemesteret (5. eller 6. semester).

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

Det matematisk-naturvitenskaplege
fakultet
Telefon 55582062
post@mnfa.uib.no

Postadresse
Postboks 7803
5020 Bergen

Besøksadresse
Realfagbygget, Allégt. 41
Bergen

Sakshandsamar
Stine Beate Balevik
55582067

- ❖ Institutta/programstyra må utpeike personar inn mot ressursgruppa for Ex.phil, programmeringsemnet og for koordinering av innføringsemne.
- ❖ Læringsutbyte og vitnemålstekstar: Studieprogram som no får nytt studieløp må levere nye læringsutbyteskildringar og vitnemålstekstar. Sidan programmeringsfag no blir obligatorisk i studieprogramma, har fakultetet utarbeida forslag til om programmering som eit punkt i læringsutbyteskildringane under ferdigheiter. Den er som følgjer:

Kandidaten

- *Har kunnskap innan programmering, og kan anvende dette til....(f.eks analyse av data, modellering etc.)*

Den siste delen av setninga er fagspesifikk og er avhengig av et emne seinare i programmet inkluderer programmering. Dersom studieprogrammet i fyste omgang har teke inn INF100 kan det stå «*har kunnskap innan programmering*» under LU som handlar om kunnskap.

Legg merke til at fakultetet kjem til å gjere unntak for kva som kan meldast inn for studieplanendringar 1. mars 2020. Fristen vil være den same, men vi kjem til å være fleksibel i forhold til at læringsutbyte og vitnemålstekstar for studieprogram kan leverast inn om våren. Det vil også være mogleg å gjere endringar i emne som vanlegvis vert rekna for store endringar. Bakgrunnen for dette er at vi ynskjer å gje institutta betre tid til å utforme og kvalitetssikre gode tekstar då vi anerkjenner at arbeidet med generiske ferdigheiter er svært omfattande.

- ❖ Examen philosophicum (EXPHIL).

Emnet skal flyttast til 5. eller 6 semester, alternativt 4. semester. Det er difor viktig at instituttet ivareta tema som EXPHIL tidlegare har dekkja, mellom anna etikk og kjeldebruk. Dette kan enten være å inkludere dette som eit tema i eit innføringsemne, eller at studentane deltar på eige kurs i regi av biblioteket.

- ❖ Matematisk institutt og Institutt for informatikk

Fakultetet minner særskilt Matematisk institutt og institutt for informatikk om å sende forslag til nye emneskildringar for [MAT101 Brukarkurs i matematikk I](#) og/eller [MAT102 Brukarkurs i matematikk II](#) og/eller [INF100 Innføring i programmering](#) til alle institutt innan 1. september, slik at andre institutt kan ta omsyn til dette i sitt arbeid med studieplanar. Legg også merke til at varslingsplikta også gjeld institutt med studieprogram ved andre fakultet. Ein revisjon av desse to brukarkursa kan føre til store endringar for enkelte studieprogram noko som fører til at overlapp og forkunnskapskrav på andre emne må kvalitetssikrast.

Fakultetet ber også begge institutt ta tilrådingane skissert i rapporten frå Programdesign av bachelorprogramma med fokus på generelle ferdigheiter og kompetanse til etterretning i revidering av MAT101 og INF100. I [rapporten](#) vert det blant anna peika på generelle ferdigheiter og at emna kan vareta dette for fleire program. Fakultetet støttar arbeidsgruppa si tilråding om å bruke [UiB læringslab](#), [UPED](#) og [Universitetsbiblioteket](#) som støtte inn i revisjonen av emna.

Alle institutt må informere kvarandre dersom ein planlegg å gjere store endringar på emne eller byte undervisningssemester

2. Studieretningar på master

MN fakultetet har framleis fokus på å redusere antal studieretningar og stiller spørsmålsteikn om ressursutnyttinga ved enkelte institutt er føremålstenleg då fakultetet ser at opptakstala til dei ulike studieretningane varierer (ref. [orienteringssak til studiestyret november 2017](#)).

Det kontinuerlege kvalitetssikrings og revisjonsarbeidet vil gjelde også studieretningar og instituttet må setje av ressursar til rekrutteringsarbeid, rettleiing og administrering. Fakultetet ynskjer difor ei grunngjeving frå institutta om kvifor talet på studieretningar skal oppretthaldast, eller eventuelt tilbakemelding på om nokre av studieretningane kan leggest ned.

3) Moglegheit for å prøve ut nye undervisnings- og vurderingsformer.

Universitetsstyret vedtok i [styresak 145/2017](#) ei prøveordning der institutt vert oppmoda om å prøve ut nye undervisnings- og vurderingsformer ved UiB. Ei slik prøveordning gir institutta moglegheit til å fråvike frå eksamensforskrifta ved UiB og fakultetet oppmodar til dette i sak 2018/7746. Studiestyret ynskjer å bli informert om emne der ein vil prøve ut nye vurderings/undervisningsformer.

4) Planar om oppretting av studieprogram

Studiestyret ber om at instituttet/programstyra gir ei kort orientering om planar for oppretting av nye studieprogram. Oppretting av studieprogram er ein omfattande prosess som må byrje i god tid før det skal meldast inn som stor studieplanendring. Søknad om oppretting av nye studieprogram skal først vurderast av UiB sin programoppretingskomitè. Sjå meir info [her](#).

5) Skulefag

Opptakskrav for PPU

Fakultetet har fastsett [opptakskrav for PPU i det enkelte fag](#). Ynskje om endringar i opptakskrava for eige fag skal meldast inn til fristen for studieplanendringar. For skulefag der fleire institutt eig saman (døme naturfag), ber fakultetet om at dei involverte institutt saman utarbeider eit forslag til endring. Endringa si storleik vil være avgjerande for når den kan setjast i verk. Ver merksam på at lærarutdanningsutvalet har hatt ein gjennomgang av emnekombinasjonar for skulefag oppe til diskusjon i vår. Utvalet vil foreslå endringar i opptaksgrunnlaget i dialog med fagmiljøa.

Tilrådde emne for undervising

Fakultetet har ei oversikt over [tilrådde emnesamansetjingar](#) med tanke på undervising i dei enkelte skulefaga. Tilrådingane skal være utforma på ein slik måte at studentar som følgjer desse i eit fag, vil dekkje opptakskrava til PPU i dette faget. Denne lista må oppdaterast i tråd med at instituttet sitt emnetilbod endrar seg. Fakultetet ber institutta om å gi tilbakemelding om endringar i tilrådingane for sitt fag, innan fristen for studieplanendringar. For skulefag som fleire institutt eig saman (døme naturfag), ber vi om at dei involverte institutta samarbeider om ei felles tilråding. Endringar som vert meldt inn innan fristen, vert gjeldande påfølgjande studieår.

Oversendingsbrev – Mal

Fakultetet har utarbeida ein mal for oversendingsbrevet (vedlagt). Vi tilrår instituttet å bruke denne, når dei skal gi tilbakemelding til fakultetet. Vedlagt er også ei oversikt over kva som er små og store studieplanendringar for emne.

Ressursar

Gjeldande malar for studieplanar og emneskildringar er tilgjengeleg her:

https://wikihost.uib.no/matnat/index.php/Undervisning_og_studieplaner

Malane skal nyttast ved oppretting av nye emne og omfattande endringar i formuleringar.

Oversikt over store og små studieplanendringar:

https://wiki.uib.no/matnat/index.php/Undervisning_og_studieplaner

Læringsutbyte: <https://wikihost.uib.no/matnat/index.php/L%C3%A6ringsutbytte>

Vidare saksgang

Etter vedtak i studiestyret, får instituttet tilbakemelding frå fakultetet. Dette kan til dømes være kommentarar som har kome fram i studiestyremøtet eller små merknader som fakultetet har gjort seg. Etter vedtaket i studiestyret byrjar også oppdateringar av emne- og studieprograminformasjon på nettsider. Fakultetet vil i år tilby å oppdatere dei redaksjonelle endringane på vegne av institutta.

Venleg helsing

Ingrid Christensen
studiesjef

Stine Beate Balevik
seniorkonsulent

Oversendelse av studieplanendringer ved **Institutt**

Mindre studieplanendringer for kommende vårsemester

Sammendrag av saken

Emnekode	Redaksjonelle endringer (F.eks. endret tekst i læringsutbytte, mål og innhold etc.)	Realitetsendringer (F.eks. endret vurderingsform, overlapp, forkunnskapskrav)	Semester for iverksetting av endringen(e)	Merknad
	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>		
	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>		
	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>		
	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>		

Endringer i undervisningstilbudet kommende vårsemester

Store studieplanendringer

Sammendrag av saken

Endringer eller oppretting av studieprogram

Navn på studieprogram
Sammendrag av endringene
Endring i tekst og tabeller er markert med rødt , slettede deler er markert med rødt og gjennomstryking .
Godkjenning fra ledelsen på eierinstituttet, når det legges frem forslag om en studieplanendring som omfatter emner på andre institutt.

Institutt navn. Store studieplanendringer.

<input type="checkbox"/> Godkjenning vedlagt
Nye tekster til vitnemål og Diploma supplement vedlagt
<input type="checkbox"/> Utfylte maler vedlagt
Ved oppretting av nytt program
<input type="checkbox"/> Mal for oppretting av studieprogram vedlagt
Vedtaksreferat kan vedlegges eller saksnummer for vedtak i programstyret kan opplyses her.
Studieplanendringene innføres fra:

Endring eller oppretting av emner

Eksisterende emner som endres

Alle tillegg i teksten markeres med **rødt**, slettede deler er markert med **rødt og gjennomstryking**

Emnekode	Redaksjonelle endringer (F.eks. endret tekst i læringsutbytte, mål og innhold etc.)	Realitetsendringer (F.eks. endret vurderingsform, overlapp, forkunnskapskrav etc.)	Semester for iverksetting av endringen(e)	Merknad
	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>		
	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>		
	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>		
	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>		

Nedlegging av emner

Emnekode	Siste undervisningssemester for emnet: Ved nedlegging av emner må det normalt tilbys eksamen/vurdering i emnet i to semester etter nedlegging.	Dersom emnet er et spesialiseringsemne, hvilke emner skal tilbys studentene som erstatning for emnet som legges ned?	Andre program som benytter emnet er informert om at emnet legges ned. Bruk rapport 226.003 i FS

Oppretting av nye emner

Emnekode	Første undervisningssemester for emnet	Er det overlapp med eksisterende emner eller emner som legges ned? Hvis ja, angi hvilke emner dette gjelder og grad av overlapp. Dette må også legges inn i emnebeskrivelsene for berørte emner og for emnet som opprettes.	Emnebeskrivelse vedlagt
			<input type="checkbox"/>
			<input type="checkbox"/>
			<input type="checkbox"/>

Vennlig hilsen